



Kartverket

MELAND KOMMUNE
POSTBOKS 79
5906 FREKHAUG

Dykkar ref.:

Vår ref.: aldcat
Sak/dok.: 9938838/

Dato:
09.03.2016

Dokumentet har manglar og kan ikkje tinglysast

Saka gjeld gnr. 27 bnr. 155 i 1256 Meland kommune

Vi har vurdert seksjoneringa de har sendt inn for tinglysing. Dokumentet har manglar som gjer at vi ikkje kan tinglyse det.

Kva må til for at dokumentet kan tinglysast?

Det er ikkje samsvar mellom melding til tinglysing og skjema for krav om oppdeling i eigarseksjonar vedrørende tilleggsareal. I melding til tinglysing fremgår det at seksjon 2 skal ha tilleggsareal bygning og eksklusivt uteareal. I skjemaet framgår det derimot at seksjon 2 kun skal ha tilleggsareal grunn. Vi ber derfor om at de legger ved ny melding til tinglysing eller korrigerer skjema og legger ved teikning for tilleggsarealet. Vi viser til tinglygingslova § 8 og tinglygingsforskrifta § 4.

Vi ber for ordens skuld om at de merker av på teikningane kva som er tilleggsareal og til kva for ein seksjon det høyrer til.

De kan fasthalde kravet om tinglysing

Sender de dokumentet inn på nytt og fastheld kravet om tinglysing utan at de har retta mangelen vi har vist til, vil vi registrere dokumentet mellombels i grunnboka den dagen vi mottek kravet. Vi kan deretter nekte å tinglyse dokumentet. Dette følgjer av reglane i tinglygingslova § 7 og § 9.

Praktisk informasjon

Vi sender med dette tilbake alle dokumenta. Dersom de legg ved ein kopi av dette brevet når de sender saka inn på nytt, er det lettare for oss å sikre ein effektiv saksflyt.

Det er mykje nyttig informasjon på nettsidene våre www.tinglysing.no. På www.seeiendom.no er det mogeleg å sjå kva som er tinglyst i grunnboka. Ta også gjerne kontakt med kundesenteret vårt på telefon 08700. Kundesenteret er ope alle kvardagar frå klokka 09.00 til 15.00. Saksbehandlar har telefon 32 11 30 11.

Med helsing
Statens kartverk Tinglysing



Cathrine Sjøblom Aldersjøen
saksbehandlar